

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - J00, FA - A20, FA - A10	14/754

Saknr	Utval	Type	Dato
088/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014
	Kommunestyret	PS	

Tilsyn etter Forskrift om miljøretta helsevern - Sandnes skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten frå miljøretta helsevern til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Miljøretta helsevern hadde tilsyn ved Sandnes skule 23.04.2014. Skulen vart ikkje godkjend. Kommunestyret vart gjort kjend med vedtaket i møtet 19.05.14. Grunnen til at skulen ikkje vart godkjend er at det ikkje er tilfredsstillande luftutskifting i den eldste delen av skulen. Inneklimaet er dermed ikkje tilfredsstillande.

Fakta/Vurdering

Mesteparten av den eldste delen av skulen har ikkje ventilasjonsanlegg. Ut frå dei prisar ein fekk i år, er ventilasjonsanlegg kostnadsrekna til 59000000. Eigentleg var det prioritert i 2014 og det var sett av kr 2000000 til tiltaket. Men då kostnaden viste seg å verta mykje høgare enn budsjettert, måtte tiltaket utsetjast til 2015.

Konklusjon

Det må setjast av midlar til nytt ventilasjonsanlegg på Sandnes skule i 2015. Fram til anlegget er kome i drift, må ein leva med at skulen ikkje er godkjend etter Forskrift om miljøretta helsevern. Me må gjera jamlege målingar slik at me ser korleis luftkvaliteten er. Skulen må laga rutinar for god utlufting og følgja desse.

Formannskapet - 088/2014

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten frå miljøretta helsevern til orientering.